Høgskolen i Telemark

Styret

Møtedato: 24.06.04
Saksnummer: S-sak 55/04
Journalnummer: 03/00813-02-03

Saksbehandlar: Henning Hanto

ARBEIDET MED NY STRATEGISK PLAN FOR HØGSKOLEN I TELEMARK FOR PERIODEN 2005-2009 - STATUS OG JUSTERING AV FRAMDRIFTSPLAN

I S-sak 89/03 fastsette styret opplegget for arbeidet med ny strategisk plan. Styret slutta seg til framlegget frå høgskoledirektøren om slik overordna framdriftsplan:

2. oktober 2003	Styrebehandling av opplegget
14. oktober 2003	Første møte i prosjektgruppa
5. februar 2004	Styrebehandling av nosituasjonen (sterke og svake sider)
25. mars 2004	Ein første gjennomgang av fagprofil på styreseminar
6. mai 2004	Styrebehandling av fagprofil (strategisk fagutvikling)
Oktober 2004	Styrebehandling av delmål og strategiar
1. november 2004	Framlegg til strategisk plan blir send på høyring
1. desember 2004	Høyringsfrist
Desember 2004	Styret fastset strategisk plan

Som styret er kjent med, jf S-sak 54/04, har høgskolane i Buskerud, Telemark og Vestfold tinga ei utgreiing frå Norsk institutt for studier av forskning og utdanning (NIFU) for å få kartlagt status og utfordringar for dei tre høgskolane. Fristen for dette arbeidet var sett til 01.05.04. Dette var ein av grunnane til at styreseminaret 25.03.04 ikkje vart avvikla slik planen var. I S-sak 54/03 er den vidare oppfølginga omtala.

Av di styremøtet 05.02.04 vart avlyst, vart nosituasjonen handsama i møte 26.02.04, S-sak 21/04, m.a. på grunnlag av ei sjølvevaluering som institutta og avdelingane hadde gjort. Styret gav også føringar for arbeidet med fagprofilen, og formulerte problemstillingar for det vidare arbeidet med strategisk plan.

Prosjektgruppa har utarbeidd eit oversyn over noverande fagprofil i høgskolen, sjå vedlegg. Arbeidet med framtidig fagprofil går vidare i prosjektgruppa, m.a. på grunnlag av eit notat utarbeidd av rektor, prorektor og dekanane til prosjektgruppemøte 17.06.04.

Spørsmåla om framtidig institusjonsstruktur, institusjonsstatus og fagprofil heng saman, og det trengst interne prosessar i høgskolen før dei kan leggjast fram for styret til avgjerd. Rektor og høgskoledirektør har i den samanhengen gjennomført dialogmøte på alle avdelingane i veke 23, der rapporten frå NIFU og notatet om noverande fagprofil vart presenterte. Oppsummering frå møta ligg ved S-sak 54/04. Det er og tanken å gjennomføre ein høyringsrunde ved avdelingane til hausten.

I samsvar med det opplegget styret fastsette i S-sak 89/03, er det oppnemnt ei referansegruppe med representantar for sentrale eksterne interessentar i regionen, dvs fylkesmannen i Telemark, Telemark fylkeskommune, LO Telemark, NHO Telemark, KS Telemark og A-etat (sistnemnde har førebels ikkje oppnemnd representant). Prosjektgruppa tar sikte på å kalle inn til møte i referansegruppa til hausten, når det ligg føre meir grunnlagsmateriale, men før endeleg tilråding om framtidig fagprofil blir utarbeidd.

På grunnlag av dei opplysningane som er gjevne ovanfor, har prosjektgruppa kome til at det ikkje er realistisk å kunne bli ferdige med arbeidet så snøgt som den opphavlege framdriftsplanen føresette, og at ein må tilrå at planen vert endra med sikte på at strategisk plan vert fastsett i februar 2005.

Eg viser til det som er sagt ovanfor og rår styret til å gjere slikt vedtak:

1. Styret vedtek å utsetje endeleg styrehandsaming av ny strategisk plan til februar 2005. Prosjektgruppa får fullmakt til å leggje opp den detaljerte framdrifta innanfor denne ramma.

2. Styret tar oversynet over høgskolens noverande fagprofil til orientering.

Nils Røttingen
høgskoledirektør

Vedlegg:
Notat HH 20.04.04: Høgskolens nåværende fagprofil